
Fra: Silje Namtvedt <siljenamtvedt@hotmail.com>
Sendt: mandag 11. mars 2019 08.19
Til: Postmottak Radøy
Emne: Spørsmål til spørjetimen i kommunestyremøte 12. mars 2019

Opningstider på bassenga i Radøyhallen.

Bassenga i Radøyhallen brukar å stenga tre månader i året, frå 1. juni til 1. september. Det er mange gode argument for å halde bassenga opne lenger. Vi har bl. anna ein aktiv sømjeklubb i kommunen, og mosjonssømjing treng ein heile året. Spørsmålet mitt er: Kan Radøy kommune forlenge opningstidene, slik at ein berre har stengt i skuleferien? Kor mykje vil det koste?

Gratistilbod som integreringstiltak.

Kommunen lyser ut midlar til integrering og inkludering, med søknadfrist 1. mars. Var det mange som søkte om desse midlane?

Kan vi heller vurdere å gje enkelte gratistilbod som integreringstilbod i kommunen? Døme på dette kan vere klippekort i Radøyhallen, kinobilletter til Bygdekinoen og andre lokale tilbod som ikkje er så kostbare.

Silje Namtvedt
Radøy Sp